

AKTØRAR PÅ KVED OPP! SEMINAR OM FOLKEMUSIKK I KYRKJA

Ål i Hallingdal 23.-24. september 2025

Audun Flaen: Audun Flaen (fødd 1961) er utdanna kantor ved Norges musikkhøgskule, og har jobba som kantor i Ål i Hallingdal 1987-2023. I tillegg til å skrive koralsatsar har han arrangert ein god del for mannskor og kyrkjekor. Sidan 2007 har dei jobba systematisk med folkemusikk i gudstenesta i Ål, eit arbeid som har vore støtta av Kulturrådet. Audun har arrangert Jo Asgeir Lie sin folkemusikkliturgi for kor og orgel, som blir nytta i kyrkjelydar i både Noreg og utlandet. Han har mange års røynsle med samspel og arrangering for ulike musikarar i kyrkja, og kan seia noko om det praktiske organistperspektivet på folketonebearbeiding.



Gunnar Idenstam: Gunnar Idenstam (fødd i Kiruna 1961) er konsertorganist, komponist og folkemusikar. I 1984 vann han den prestisjefylte improvisasjonskonkurransen Grand Prix de Chartres, og sidan har han spelt konsertar i heile verda. Som utøvar er han skulert i den franske tradisjonen, mellom anna av den legendariske orgellæraren Marie-Claire Alain, og han har ein forkjærleik for Bach og Dupré. Som komponist har han sin eigen stil, ei syntese av kunstmusikk, symfonisk rock/ pop og folkemusikk. Som arrangør gjenskarar han alle fargane frå symfoniorkesteret på orgelet, til dømes i transkripsjonar av Mahler og Ravel sin orkesttermusikk. Som folkemusikar transkriberer han idioma til svensk folkemusikk for kyrkjeorgel, harmonium eller synthesizer. I tillegg til å halde solokonsert og spela opp til dans vil han på seminaret formidle sine tankar rundt det å spela og kompe folkemusikk på pipeorgel, og kanskje gjeva nokre tips om korleis ein kan spela både barokkrepertoar og orgelkoralar dansant.



Ragnhild Jepsen: Ragnhild Jepsen (fødd 1969) er ein norsk teolog. I 2023 vart ho utnemnd til biskop i Bjørgvin bispedømme, som den første kvinna i dette embetet. Jepsen er utdanna ved Menighetsfakultetet og vart ordinert som prest i Den norske kyrkja i 1997, i Ål kyrkje. Ho var kapellan i Åmot kyrkje i Hamar før ho kom til Nidarosdomen som kapellan i 2003. Tre år seinare vart ho sokneprest og i 2011 domprost i den same kyrkja. Jepsen er oppteken av å gjera kyrkja relevant for flest mogleg. Ho er ivrig nynorskbrukar, og har skrive tekstar til salmesamlinga *Sårmerkt* med musikk av Petra Bjørkhaug, som dei saman fekk Musikkforleggerprisen 2025 for i kategorien «Årets verk – lite ensemble». På seminaret vil Ragnhild gå i dialog med Carl Petter Opsahl om folkemusikkens plass i kyrkja i dag, og vera liturg på folkemusikk gudstenesta.



Knut Kaliff: Knut Kaliff (fødd 1946) er ein svensk orgelbyggjar som bygde orgelet i Ål kyrkje i fransk barokkstil i 1996. Visjonen var å byggje et «l'orgue folklorique», eit folkets og folkemusikkens orgel, med respekt for gamle handverkstradisjonar.



Jo Asgeir Lie: Jo Asgeir Lie (f. 1972) er musikalr, pedagog og komponist med trekkspel som hovudinstrument. Han har ein brei musikalsk bakgrunn som spenner frå klassisk og samtidsmusikk til folkemusikk og jazz, og han har medverka som musikalr, komponist, arrangør og produsent på eit 20-tals plateinnspelningar. Lie har vore rektor ved Ole Bull Akademiet på Voss sidan 2012. I tillegg til å ha skapt seg ein musikalsk ståstad både som ensemblemusikalr og som solist, har han også ein omfattande produksjon som komponist og arrangør. Han har skriva teatermusikk, kammermusikk og solostykke, og er mannen bak folkemusikkkliturgien som er i bruk på høgtidene i Ål. Saman med gruppa Kvarts har han vore med å skriva og framføre fleire større bestillingsverk til ulike folkemusikkfestivalar i Noreg. Under seminaret vil han og Bjørn Kåre dele tips frå erfaringa med arrangering og komponering av folkemusikk.



Bjørn Kåre Odde: Bjørn Kåre Odde (f. 1990) frå Lom arbeider som musikalr og komponist. Virket hans som utøvar har base i norsk folkemusikk med fele og bratsj som hovudinstrument. Som komponist har han brei erfaring med å skriva for kor og stryk i kammergrupper, men han har også skriva for større besetningar, som Kringkastingsorkesteret (Gudbrandsdal Musikkfest 2022). Saman med Solveig Brekke Hauknes driv han musikkproduksjonsselskapet *Melovitten*. Bjørn Kåre har laga ei folkemusikk- missa brevis (*Olavsong*), og kan m.a. seia noko om utøvarperspektivet, øyret og det noterte. Korleis tek ein med seg ein tradisjon i notetolkinga?



Carl Petter Opsahl: Carl Petter Opsahl (f. 1964) er ein norsk prest, jazzmusikalr, journalist og fyrsteamanuensis i liturgi på MF Vitenskapelige høyskole. Opsahl har mellom anna vore medlem av Caledonia Jazzband sidan starten i 1982 og Chateau Neuf Spelemannslag. Opsahl har fordjupa seg i jazz med røter i New Orleans, samt i norsk folkemusikk, men han er òg inspirert av mellom anna brasiliansk musikk og jødisk klezmer. På seminaret kan han leggje ut om folkemusikk og gudsteneste frå musikkhistorisk og teologisk perspektiv – tradisjonar og linjer med kulturelle uttrykk i gudstenestane i New Orleans og norske fjellbygder.



Henrik Ødegaard: Henrik Ødegaard (f. 1955) er ein norsk komponist, kantor og universitetslektor. Han er særleg kjend for sin vokale kyrkjemusikk, som gjerne er inspirert av gregoriansk song og norsk folkemusikk. I tillegg til større korverk og korarrangement av folkemusikk har han komponert solostykke, syngespel, kammermusikk, elektroakustisk musikk, orgelverk, oratorium og ein eigen folkemusikkkliturgi basert på gamle salmetonar, og har samarbeidd med mellom andre Eyvind Skeie, Grete Pedersen, Nordic Voices og Sondre Bratland. Ødegaard er oppteken av å bevare autentisiteten i folketonearrangementa sine. Han har studert gregoriansk song ved konservatoriet i Paris, og undervist på Norges musikkhøgskule og Det teologiske fakultet ved UiO. Viss du undrast på noko om messesong, gregorianikk og kveding bør du spørja Henrik!



Ingunn Stræte og Håkon Tveito: I tillegg til at dei båe jobbar noko som kyrkjemusikarar i Ål, er dei A-klassedansarar og kongepokalinnehavarar som kan spørjast til råds på folkedansegolvet.

